

## Utleigereglement for Haugtun

1. Leigetakar er ansvarleg for huset i leigeperioden
2. Huset og inventar skal leverast tilbake i same stand som då leigetakar overtok det.
3. Eventuell skade må meldast til leiar i Haugtun snarast råd, og erstattast av leigetakar.
4. Prisen for utleige er fastsett av styret. Utleigekostnaden blir fakturert i etterkant av arrangementet. Leigetakar mottok faktura.
5. Leigetakar er ansvarleg for å rydde rundt huset og på parkeringsplassen etter arrangementet.
6. Leigetakar skal fjerne alt avfall frå lokalet etter arrangementet.
7. Dersom leigetakar er under 18 år, skal ein av dei føresette skrive under på avtalen og stå ansvarleg for bruk av huset.
8. Alle tilstellingar i og utanfor dei leigde lokala skal fredag og laurdag vere slutt seinast kl. 02.30, andre dagar seinast kl. 24.00.
9. Haugtun krev 5 namngjevne vakter over 25 år ved utleige av heile lokalet til ungdomsarrangement/fest, der minimum 3 av dei skal vere foreldre. For leige av kun kjellaren, krev ein 3 namngjevne vakter over 25 år, der 1-2 skal vere foreldre. Vaktene skal sjølvstøtt vere edru. Leigetakar organiserer vakthald sjølv, og sender namneliste til utleigar.
10. Ved ungdomsarrangement skal politiet vere varsla i god tid på førehand, og motta liste over vakter med telefonnummer. Leigetakar er ansvarleg.
11. Den som leiger lokalet er ansvarleg for at brann- og tryggingsvern av personar og bygning blir haldne. Alle dei ansvarlege skal gjerast kjed med, og følgje oppslag om brann- og rømningsvegar. Vaktene skal orientere seg kvar brannsløkkarar og rømningsvegar er.
12. Hovudsalen har plass til ca 100 personar (med bord/stolar) og ca 140 personar med stolrekker. Kjellarsalen har plass til mellom 50 og 70 personar.
13. Avbestilling må skje seinast 30 dagar i førevegen, eller etter nærare avtale.
14. Ved retur av nøkkel, foretar leigetakar og utleigar ein gjennomgang av huset.
15. Vask av huset er inkludert i leigesummen, men leigetakar har ansvar for følgjande:
  - a. Huset er rydda og alt søppel er fjerna
  - b. Bord og stolar er vaska og rydda på plass
  - c. Rusk og boss er kasta/moppa bort. Smuss og søl på golvet skal vaskast vekk.
  - d. Kjøkkenet er rydda, oppvasken er teken og rydda på plass. Benkar og ovnar er rydda og vaska, og kaffitraktar avskrudd. Stikkontakter er tekne ut av kaffitraktar og tekokar. Oppvaskmaskina er tømd.
  - e. Uteområde og parkeringsplass er rydda.

## Utleigeprisar 2023

Heile huset	<b>4.000 kr</b>
Kjellarsal	<b>2.000 kr</b>
Tillegg for bruk av lydanlegg/mixebord	Etter avtale

Godkjend av leigetakar: \_\_\_\_\_